

## Referat frå møte på Bygdesentralen i Hjartdal 31.01.2012

Ingen forfall

Sak 52/2011 Innkalling og sakliste godkjent med desse tillegg

- Beiteutval/retningsliner
- Myostatingen – økonomisk kompensasjon
- Redusert gaupekvote – kva gjerast ?

Sak 53 /2011 Referatsaker:

- Avlssamling i region Øst  
Ein stor del av styret deltok på avlskonferansen i region Øst.  
Tilbakemeldingane frå deltakarane var bra. Ein del ny lærdom å ta med seg. Spesielt nemnt oppstarten av forskningsprosjektet “foring av sører i høgdrektighetsperioden”, bruk av e-vitamin og generell ringdrift
- Sauprojektet v/ Jon Aslak  
Intervjurunde med aktuelle personar for prosjektleiing. Det ser ut som frikjøp av personell i LRØ er det mest aktuelle.  
Rådgjeving vil bli henta inn frå aktuelle tilbydarar. Styret meinte det ville være hensiktsmessig å hente inn fleire tilbod på aktuelle rådgjevingspakker. Det for å få mest mulig ut av prosjektmidlane.
- Rovvilt Region 2 – kjem tilbake i eigen sak under eventuelt, slik dagen har utvikla seg.

Sak 54/2011 Årsmelding 2011 vart gjennomgått punkt for punkt.

Det var lagt fram to forslag til arbeidsplan. Forslaget til Erik vart vedtatt mot ei stemme, og vert styrets forslag i årsmeldinga og på årsmøte.  
Den vil bli sendt ut for endeleg godkjenning med det fyrste.

Årsmeldinga utarbeidast i A4

Torhild utarbeider budsjettforslag. Dette godkjennast pr. e-post

Sak 55/2011 Årsmøte 2011 blir halde på Mordedal Hotel 2-3 mars 2012

Frammøte kl. 15.30. Program 16.00-18.00

Årsmøtemiddag med tilhøyrande program

- ≈ Årsmøteprogram -
- ≈ Premierung. Erik bestiller premiar
  - Beste granska bukk
  - Beste granska vær

- Heidersdiplom
- Gåver til styremedlemmar som er ferdig med sitt oppdrag  
Kirsti
- ≈ Lotteri. Ansvar Håvard og Kirsti
- ≈ Underhaldning. Erik spør Nils Ole Lien og Georg Hagen
- ≈

Sak 56/2011

Jordbruksforhandlingane.

Telemark bondelag har invitert til drøftingsmøte i forkant av årets jordbruksforhandlingar 9. februar. Erik møter for TSG

Kviteseid Sau og Geit har sendt eit innspel til jordbrukstingane. Dette vart lagt fram for styret. Vedtatt med ein endring. I strekpunkt *Arealtilskot: vart formuleringa: Me ynskjer å flytte pengar frå arealtilskot til husdyrtildskot* tatt bort.  
Erik har fullmakt til å nytte resterande i tillegg til punktliste frå 2011.

Sak 57/2011

Produsentlaget for geit er aktive i forhold til sine medlemmar. Det er flott. TSG skal også famne desse produsentane. Er det mogeleg å få til eit samarbeid slik at geiteprodusentane vert meir synlege og deltagande i TSG.? Som synleggjort i arbeidsplanen ynskjer styret i TSG å støtte vandreutstillinga som nå er under planlegging. TSG vil söke å styrke samarbeidet med produsentlaget på td haustsamlinga. Paralellforedrag

Sak 58/2011

Eventuelt

- Brev frå ring 96 – Myostatingen og økonomisk kompensasjon.  
Styret i TSG støttar Ring 96.
- Opprettning av beiteutval.  
Etter ein diskusjon om beiteutvalets oppgåver og fullmakter vart det samråystes vedtatt å opprette. Leiar skal kome frå styret i TSG. Svein Tørre samråystes valt. Dei to andre utvalsleiarane skal velgast av årsmøte.  
Retningslinjer for beiteutvalet vedtatt.
- Invitasjon til årsmøte i Telemark Bondelag. Telemark sau og geit stiller med ein person på møtet
- Reduksjon av gaupekvota. Det er med uro og forferdelse TSG mottok beskjed om at Miljødepartementet hadde halvert årets gaupekvote. Telemark sau og geit skal gjere dei som står i deira makt for og synleggjere sitt standpunkt i denne saka. Leiar får i oppdrag å gå ut i media for å få fram TSG sitt syn. I tillegg må ein nytte dei samarbeidspartnarar ein har i denne saka. Viktig med ei samla landbruksnæring mot rovdyrpolitikken.

